

**Partileiar Trine Skei Grande meiner det er ei ære og eit ansvar å føre arven vidare:**

# Venstremannen Lars Liestøl

I år er det 100 år sidan stortingsmannen og lokalpolitikaren Lars Liestøl døydde – bondesonen frå Åseral som seinare gjorde byglending av seg, og som har etterlate seg eit ruvande ettermæle både lokalt og nasjonalt. Då eg dessverre ikkje har høve til å delta på markeringa som Bygland kommune saman med Setesdalsmuseet arrangerer i morgon, sender eg dykk ei varm helsing gjennom lokalavisa "Setesdølen".

rEg ser at lokalavisa og det oppsette programmet grundig tek føre seg det meste av biografiske data, så lat dette i hovudsak vere ein hyllest til mennesket og politikaren Lars Liestøl, bygt på dei historiske kjeldene eg har hatt tilgjengelege.

Liestøl hadde eit langt politisk liv, heile tida som venstremann. Han kom til Bygland som lensmann i 1867, eit arbeid han hadde til 1891. Han kjøpte gard og slo seg ned på Frøysnes saman med kona Laura Sabro - som hadde kome til Bygland som guvernante - og etter kvart 6 born.

Alt i 1871 blei han vald inn i "herredstyret" i Bygland, der han sat i 36 år – 12 år som ordførar. Han hadde gjennom desse åra ei mengd lokale verv. I 22 år var han med i skulestyret, 16 år som formann. Han var òg medlem i amtskulestyret i 6 år. I heile 39 år var han forlikskommisær. I to periodar var han forstandar for Bygland Sparebank og revisor i mange år. Ei tid var han endåtil postopnar.

## På Stortinget


I 1874 blei han vald inn på Stortinget. Der sat han til 1888 då han gjekk inn i Johan Sverdrups regjering som statsråd. Han var både i Revisjonsdepartementet, Indredepartementet og sidan ei tid i statsrådsavdelinga i Stockholm. Han treivst ikkje i Regjeringa og søkte avskil alt etter eitt år – noko som tyder på at han var ingen byråkrat. Så lite interessert var han i desse oppgåvene at han ikkje eingong bydde med å kjøpe seg statsrådsuniform, noko som var vanleg på den tida. Då Venstre vann valet i 1897, kom han på nytt inn på tinget. Frå 1906 – 12 var han Odelstingspresident, og i mange år var han medlem av justiskomiteen.

Han blei igjen vald inn på Stortinget for perioden 1913 – 15, men døydde i 1912 før han fekk ta fatt på den 10. perioden sin!

## Barneåra i Åseral

Lars Liestøl var ein respektert politiskar med stor tillit både i og utanfor sitt eige parti. Kva var det som gjorde denne mannen til slik ein heilstøyt person med så stor integritet?

Kanskje var det barndomsåra i Å-



**Jørgen Løvland heldt ein varm og livfull tale då bysta av Lars Liestøl blei avduka her på Bygland kyrkjegard i 1920, åtte år etter at Liestøl døydde. Korleis ville venstremannen Lars Liestøl ha funne seg til rette i det politiske landskapet i dag? spør Venstre-leiar Trine Skei Grande (innfelt) i denne artikkelen.**

eral som la grunnlaget for dei haldningane og det verdsettet han bar med seg vidare i livet.

Av formell opplæring hadde han berre nokre få år med omgangsskule, men alt som liten viste han stor kunnskapshunger. Han lærde seg etter kvart fleire språk og skaffa seg på eiga hand mykje kunnskap både om jus og historie.

Sjølv har han mangt å seie om tida som gjetargut i Åseral og meiner at det låg mykje god lærdom i hjuringbakken. Der nytta han m.a. tida til å lese og skrive med blåbærsaft på never. Han skar inn namn og årstal i bork og på buvegger.

## Lærde mykje om livet

Lukkeleg var han den dagen han fekk tak i si eiga grammatikkbok. Han seier òg at tida i hjuringkog lærde han mykje om livet. Han fekk kjærleik til naturen og lærde medkjensle saman med dyra – "det skal eit godt hjartelag til å vere ein god hjuring." Han lærde å ta seg fram på eiga hand, fekk tid til å tenkje og til å drøyme – "usæl er den ungdomen som ottast for å vere saman med seg sjølv."

"Hjuringbakken er den beste skulen for evnerike smågutar," seier Jørgen Løvland i sin omtale av han. Liestøl var glad i å prate med folk, og han var genuint opptatt av andre menneske.

## Karikaturteiknar

Han var morosam, lettliva og hadde ofte ein treffande replikk på lur. Ikkje minst meistra han stekunsten,

kunne spele fele og var flink til å fortelje. Dessutan var han ein god teiknar. Karikaturteikningane hans kunne i blant kalle fram smilet i sjølvaste Stortingssalen. Endåtil kong Oscar bad ein gong om å bli karikert av han. "Nei, so langt hev eg inkje rukke, at eg kan teikna kongar," svara Liestøl på sitt naturlige dalemål.

Aller mest avgjerande for hans gode omdøme og ettermæle var kanskje det grunnleggjande menneskesynet hans. Lars Liestøl trudde på det gode i mennesket, og at det ville gjere det rette om det bare fekk kunnskap. Han hadde ei grunnfesta tru på at retten og det gode skulle vinne fram til slutt. "Berre ein ser djupt nok i mennesket, finn ein noko godt", sa han.

## Målmannen

Ordet kunnskap blei ståande som ei rettesnor i livet hans, og her stig målmannen Lars Liestøl fram. Det er vanskeleg å skilje målmannen frå politikaren, for det eine grip inn i det andre. Retten til kunnskap på sitt eige mål – og kunne gje uttrykk for det ein meiner og tenkjer på sitt eige språk, såg Liestøl på som ein grunnleggjande demokratisk rett, og det var han tidleg klar til å kjempe for. Av eiga erfaring visste han kor vanskeleg det var å arbeide seg fram til opplysning gjennom eit framand mål. I eit brev til far sin skreiv han i 1865:

"Eg kan ikkje lengre halde det ut med at skriva Dansk, fordi Tankarne verde so innesnørde som ei



turka Næver."

## Saman med Løvland og Garborg

Alt frå slutten av 1870 åra argumenterte han i mange stortingsdebattar for at landsmålet skulle få betre kår i skrift og tale. Saman med Jørgen Løvland var han ein av initiativtakarane til jamstillingsvedtaket i 1885 der landsmålet blei sidestilt med bokmålet. Arne Garborg, som var ein god ven av Liestøl, hadde nok også ein finger med i spelet ved at det var han som førde forslaget i pennen. Alt i 1886 skreiv Liestøl første komiteinnstillinga si på landsmål.

Også lokalt kjempa han same kampen. Det førde til at Bygland som første kommune i landet, saman med Modalen i Hordaland, innførde landsmål som skriftspråk i skulen i 1890. "Dette har betydd meir for folkeopplysninga i Bygland enn mange kjem i hug - folket vaks både i dug og sjølvvyrndnad," seier Magnus Breilid (redaktør av "Agder i segn og soge" – 1968)

## Dreiv lovskule

For Liestøl var det ei samvittsak at andre skulle få same rett og rom til kunnskap som han sjølv. Eit døme på det er "lovskulen" han dreiv i dei periodane han ikkje var på tinget. Då fór han rundt i bygdene og lærde folk om lover og reglar i samfunnet – og korleis dei skulle setje opp ulike typar dokument. Engasjementet hans for målsak og

kunnskap gav han òg plass i den parlamentariske skulekommissjonen på Stortinget. Det var denne komiteen som utforma den nye folkeskulelova i 1889. Denne lova vart grunnlaget for folkeskulen som gav lik rett til skulegang for alle born i Noreg. Med denne lova skulle ein gjennomføre éin skule for alle gruppene av folk her i landet, og éin skule som gav felles grunnlag før elevane spesialiserte seg i ulike skuleretningar eller arbeid.

## Setesdalsbanen

Lars Liestøl var sterkt medverkande til at Setesdalsbanen blei ein realitet i 1897.

Elles var han ikkje ein utprega "bygdpolitiskar" - han kan kanskje meir samanliknast med ein forkjempar for demokratiske rettar – for alle. Han var glødande oppteken av rettferd og leid med dei fattige, særleg fattige byungar med fabrikkarbeidande foreldre hadde han stor omsut for. Av den grunn støtta han opp om demonstrasjonane for normal arbeidsdag og betre løn. "Det er god bondepolitikk å støtte fattige arbeidrar," sa han – og heldt fram " - dette må nedfellast i lov slik at ein havgjerug millionar ikkje kan fara med folk som han vil."

## Kongeleg riddar

Lars Liestøl opplevde å få mange utmerkingar endå medan han levde. I 1889 blei han utnemnd til riddar av St. Olavs orden "for fortjenstfuld Embedsvirksomhet". På 70-årsdagen sin fekk han m.a. denne helsinga:

"Mottag Dronningens og min bedste ønske i anledning af dagen. Haakon R."

Då Liestøl var død, skreiv Jørgen Løvland: "No han hev døytt, er det plent som eit stykkje av dalen og dermed eit stykkje av Norig hev kome burt." Løvland heldt også ein varm og livfull tale då bysta av Lars Liestøl blei avduka på Bygland kyrkjegard i 1920.

## Ei ære og eit ansvar

Korleis ville venstremannen Lars Liestøl ha funne seg til rette i det politiske landskapet i dag? Truleg ville han framleis ha kjempa for dei mest grunnleggjande demokratiske rettane – for alle. Med sitt positive menneskesyn ville nok enkeltmennesket stått sentralt i alle politiske prosessar – samstundes med at omsyn til natur og fellesskap i stor grad ville ha prega avgjerdene hans. Alle har noko å lære av Lars Liestøl - også i dag, 100 år etter at han blei borte. Ideala han representerte, burde vere ei god rettesnor i kvardagen for dei fleste av oss. For Venstre er det ei stor ære og eit stort ansvar å føre arven hans vidare – ved politiske avgjerder som kjem både enkeltmennesket og fellesskapet til gode.

Lykke til med minnemarkeringa!

**Trine Skei Grande,  
leiar i Venstre**